
Saksnr: 2020/35099-49
Saksbehandlar: Karoline Hareide Breivik,
David Sandved

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

Klage på ikkje-handsama søknad om tilskot til verna kulturminne, Voss herad

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen frå Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gir grunnlag for å endre tidlegare vedtak.
2. Hovudutvalet tek ikkje klaga frå Voss herad til følgje, då fylkeskommunen ikkje har motteke søknad om tilskot til verna kulturminne innan frist eller motteke noko søknad etter fristutsetjing.
3. Hovudutvalet oppmodar Voss herad til å gå dialog med heradet sine søkjarar om tilskot til verna kulturminne og ta aktuelle søknadar frå 2020 med i søknaden for tilskotsordninga i 2021.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå Voss herad. Klagen gjeld Voss herad sin søknad om tilskot gjennom ordninga [tilskot til verna kulturminne](#) for 2020, som vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i [PS 87/2020](#) i møte 4. juni. Søknaden frå Voss herad vart ikkje sendt gjennom den elektroniske søknadsportalen innan fristen 15. mars, men sendt etter fristutsetjing 16. mars 2020 til fylkeskommunen sitt felles postmottak, via e-postadressa: post@vlfk.no. Fylkesdirektøren finn ikkje innkomne søknad i vårt sak- og arkivsystem. E-post er ein usikker protokoll og det er opp til avsendar å få stadfesting på mottak av e-post. I Vestland fylkeskommune er det ein storleiksgrensing for e-post på 35 MB. Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunen ikkje kan klandrast, då søknaden aldri har vore registrert motteke frå Voss herad og soleis har saka ikkje vore handsama.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Johannes Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

1 20_00312-12Klage på vedtak om Fordeling av tilskot til verna kulturminne

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå Voss herad. Klagen gjeld Voss herad sin søknad om tilskot gjennom ordninga [tilskot til verna kulturminne](#), som vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i [PS 87/2020](#) i møte 4. juni.

Voss herad skriv i sin klage:

«Voss herad sende søknad om midlar innan fristen, men søknaden vart ikkje vurdert og teke med i saka. I medhald av Forvaltningsloven § 28 blir det difor klaga på vedtaket i saka.

Søknaden skulle vore sendt elektronisk. Voss herad sendte søknaden på e-post ei veke før søknadsfristen. Dersom dette ville vore grunnlag for avvising av søknaden, skulle fylkeskommunen ha opplyst om dette, jf. rettleiingsplikta i Forvaltningsloven § 11.

Til opplysning gjorde Voss herad fylkeskommunen merksam på sakshandsamingsfeilen før saka kom opp.»

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Voss herad har ikkje sendt sin søknad gjennom fylkeskommunen sin elektroniske søknadsportal innan fristen 15. mars. Den 16. mars 2020 sendte Voss herad ein førespurnad til fylkeskommunen om utsett frist for innsending av søknad grunna nedstigninga knytt til Korona-situasjonen. Kommunen fekk tilbakemelding frå fylkeskommunen om at søknadsfristen kunne utsettast ei veke p.g.a. situasjonen i heradet. Same dag skal Voss herad ha sendt søknad til fylkeskommunen sitt felles postmottak, via e-postadressa: post@vlfk.no. Fylkeskommunen sitt postmottak vil i eit slikt tilfelle sende ut ei automatisk kvittering med følgjande informasjon:

«E-postkvittering frå Vestland fylkeskommune.

Førespurnaden din er motteken og vil bli handsama så snart som mogeleg. Alle e-postar sendt til Vestland fylkeskommune som er gjenstand for sakshandsaming eller har verdi som dokumentasjon, vil bli registrert i arkivsystemet vårt.

Tenk personvern. Vanleg e-post sendt over internett kan bli lest av uvedkommande. Send difor ikkje sensitive opplysningar via e-post. Dersom du treng sende sensitive personopplysningar til oss kan du nytte skjema [sikker sending av post](#)

Med helsing

Vestland fylkeskommune

Heimeside: <https://www.vestlandfylke.no/>

Sikker digital post: [sikker sending av post](#)

E-post post@vlfk.no »

Fylkeskommunen har i høve denne saka ikkje motteke aktuell e-post med søknad frå Voss herad og saka er soleis ikkje kome inn i vårt sak- og arkivsystem. Ut frå dialog med Voss herad meiner vi at storleik på oversending via e-post truleg er årsaka til at søknad om tilskot frå Voss herad aldri har vore motteke. Ut frå opplysingar Fylkesdirektøren har motteke frå Seksjon for digitalisering, Strategisk utvikling og digitalisering, har Vestland fylkeskommune ein storleiksavgrensing for e-post på 35 MB. Fylkesdirektøren får vidare opplyst at e-post i sin grunnutforming er ein usikker protokoll, det vil seie at e-post som nettverkskommunikasjon ikkje kan garantere levering. Det vil difor alltid vere avsendar sitt ansvar å undersøke om aktuell e-post er motteken. Fylkeskommunen sin automatiserte e-postkvittering skal sikre og gjere det enklare for avsendar å få dette stadfesta.

Fylkesdirektøren si vurdering er at administrasjonen har strekt seg langt og utvist skjønn ved å gje utsett frist til Voss herad i samband med deira handtering av korona-situasjonen.

Oversendingar av store datamengder via e-post er eit ålment kjend problem, og ulik pakkeprogramvare (t.d. ZIP) eller nettbaserte tilbod (t.d. Dropbox, WeTransfer) kan løyse slike storleiksavgrensingar på kommunikasjon via e-post. Fylkesdirektøren ser samtidig at informasjon om storleiksavgrensing på e-post burde vere opplyst om på fylkeskommunen si heimeside. [Nettstaden med kontaktinformasjon](#) er no endra og presiserer storleikavgrensinga på fylgjande måte: «NB! Merk at ein e-post til oss ikkje kan overstige 35 MB. Skal du sende større vedlegg, kan du bruke ei programvare som handterer det. Lurer du på noko angående dette, ta kontakt med mottakarane av e-posten du vil sende.»

Etter ei samla vurdering meiner Fylkesdirektøren at fylkeskommunen ikkje kan klandrast, då søknaden frå Voss herad aldri har vore registrert motteke og soleis har den ikkje vore handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i sak [PS 87/2020](#).

Då sjølve søknad ikkje er innkome til vårt sak- og arkivsystem må saka avklarast prinsipielt i denne saka. Om hovudutval for kultur, idrett og integrering vil vurdere å ta klagen til fylgje, må administrasjonen kome tilbake til utvalet med ei sak som eventuelt realitetshandsamar sjølve tilskotsaka, som Voss herad må få sendt inn og stadfesta motteke i fylkeskommunen sitt postmottak.

Økonomi: Ordninga har ikkje avsett midlar til klagehandsaming og evt. medhald i klaga må handsamast innafor tilskotsordninga sin budsjettpost for 2021.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Voss herad klagar på vedtak om tilskot gjennom ordninga [tilskot til verna kulturminne](#) for 2020, som vart handsama av hovudutval for kultur, idrett og integrering i [PS 87/2020](#) i møte 4. juni.

Fylkeskommunen har i høve denne saka aldri motteke aktuell e-post med søknad frå Voss herad og saka er soleis ikkje innkome i våra sak- og arkivsystem. E-post er ein usikker protokoll og det er opp til avsendar å få stadfesting på mottak av e-post. Oversendingar av store datamengder via e-post er eit ålment kjend problem. Fylkesdirektøren ser samtidig at informasjon om storleiksavgrensing på e-post burde vere opplyst om på fylkeskommunen si heimeside, noko det no er retta opp i.

Etter ei samla vurdering meiner Fylkesdirektøren at fylkeskommunen ikkje kan klandrast, då søknaden frå Voss herad aldri har vore registrert motteke og soleis har den ikkje vore handsama.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å avvise klaga frå Voss herad.